



**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet i Samnanger kommune</b>
<b>Møtestad:</b>	, Biblioteket på Bjørkheim
<b>Dato:</b>	06.03.2020
<b>Tid:</b>	13:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen og Einar Ulla møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Arild Røen

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019	2019/94	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/20	Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen	2018/7	
PS 2/20	Rapport etter interimrevisjon 2019 - bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder - orientering frå rådmannen	2014/240	
PS 3/20	Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan	2017/107	
PS 4/20	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/96	
PS 5/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1	2019/97	
PS 6/20	Møteplan for kontrollutvalet i Samnanger kommune 2020	2020/76	
PS 7/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/98	
PS 8/20	Eventuelt	2020/79	
PS 9/20	Konkurransesetjing av revisjonstenestene for Samnanger kommune - Arbeidsmøte	2020/78	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/20	Program - Fagkonferanse Kontroll og Tilsyn 2020 i regi av FKT	2019/28	
RS 2/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon desember 2019	2019/28	
RS 3/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon februar 2020	2019/28	

## **Godkjenningssaker**

**GK 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saknr: 2019/94-2  
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	2/20	06.03.2020

### Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019 er lagt ved saka

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 11.12.2019  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Arild Røen	Leiar	H
Terje Hoseth Næss	Nestleiar	KRF
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Tandstad	Medlem	SP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Silvana Amaral Da Silva	Medlem	BL

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

**Merknader**

---

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar
Charlotte Hageberg	Rådmann
Bodil H. Øpstebø	Rådgjevar
Line M. Johansen	Senior Manager
Janne G. Pedersen	Manager, Deloitte
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Arild Røen  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 45/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 46/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 47/19	Informasjon til kontrollutvalet i starten av valperioden		2019/92
PS 48/19	Rutinar for kontrollutvalsarbeidet		2019/92
PS 49/19	Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet		2019/92
PS 50/19	Teieplikt for kontrollutvalet		2019/92
PS 51/19	Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019		2019/92
PS 52/19	Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - reivsjonsrapport		2019/9
PS 53/19	Rapport etter interimrevisjon 2019		2019/105
PS 54/19	Bjørkheim eigeidom og sameiet Bjørkheim Terrasse - orientering frå ordførar og rådmann		2014/240
PS 55/19	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - forslag til prosjektplan		2019/96
PS 56/19	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - forslag til prosjektplan		2019/97
PS 57/19	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2019/98
PS 58/19	Referatsaker		
RS 12/19	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 13/19	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon november 2019		2019/18
RS 14/19	Invitasjon til NKRF-konferansen på Gardermoen 29. - 30.01.2020		2019/61
RS 15/19	Tilsynsrapport frå Arkivverket		2019/102
PS 59/19	Eventuelt		

### PS 45/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019

##### Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling og saksliste.

##### Vedtak:

Forslag til saksliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

## **PS 46/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Det framkom ikkje merknader til protokollen frå møte 07.10.2019.

#### **Vedtak:**

Protokollen frå møtet 07.10.2019 vart samrøystes vedteke.

## **PS 47/19 Informasjon til kontrollutvalet i starten av valperioden**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Sekretær orienterte kort om dokumentasjonen som var vedlagt saka.

Forslag til budsjett for kontrollutvalet var på kr. 939 141. Kommunestyret har i sak 96/2019 vedteke at budsettramma for kontrollutvalet for 2020 på kr. 614 565.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 48/19 Rutinar for kontrollutvalsarbeidet**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet vil delta på folkevaldopplæring på Solstrand 18. – 19. febr. 2020 med \_\_\_\_\_ medlemmar.
2. Kontrollutvalet vil dessutan prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller begge fagkonferansane for kontrollutvalet i 2020
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet
4. Første møte i kontrollutvalet i 2020 vert.....
5. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalt diskuterte den fremlagte informasjonen og vart einige om dette.

Vedtaket var samrøystes.

### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet vil delta på folkevaldopplæring på Solstrand 18. – 19. febr. 2020 med Aril Røen, Terje H. Næss, Svein V. Røseth og Anne Gerd Tandstad.
2. Anne Gerd Tandstad får delta på NKRF kontrollutvalskonferanse 29.01 - 30.01.2020.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet
4. Første møte i kontrollutvalet i 2020 vert 11.02.2020.
5. Kontrollutvalet tek elles informasjonen til orientering.

## **PS 49/19 Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Sekretær orienterte kort om saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

## **PS 50/19 Teieplikt for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Sekretær orienterte kort om teieplikta for utvalet.



Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

**PS 51/19 Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019**

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre valperiode og ber om at sekretariatet arbeidar vidare med dette.

**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

**Handsaming i møtet:**

Sekretær orienterte kort om evalueringa frå førre periode.

Rådmannen orienterte kort om at ein er i gang med nytt intranett for Samnanger kommune. Når dette er på plass vil ein vurdra om ein skal oppdatera heimesida til kommunen.

Vedtaket var samrøystes.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre valperiode.

**PS 52/19 Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - reivsjonsrapport**

**Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Tilpassa opplæring og spesialundervisning i Samnanger kommune ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Vurdere kva tiltak som bør setjast i verk for å sikra at også elevar med svakare og sterkare læreføresetnader enn gjennomsnittet får ei tilpassa opplæring.
2. Sikre at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skrivning eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd.
3. Sikre at prosessar knytt til utprøving av tiltak innanfor den ordinære undervisningssituasjonen i minst mogleg grad er personavhengige, til dømes gjennom rettleiande og kompetansehevande tiltak retta mot undervisningspersonalet.
4. Sikre at skulane i kommunen har ein innarbeidd framgangsmåte for korleis lærarane som ein del av undervegsvurderinga systematisk og løpande skal vurdere om elevane har tilfredstillande utbytte av opplæringa, samt vurderer å tydeleggjere dette kravet gjennom felles rutinar.
5. Gjennomgå og justerer rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga og i samband med

- gjennomføring og evaluering av spesialundervisning, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i 5.3.2).
6. Sikre at sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kapittel 5.4.2).
  7. Sikre at alle elevar får gjennomført den spesialundervisninga dei har vedtak om, og at IOPar alltid byggjer på eit gyldig enkeltvedtak om spesialundervisning for eleven.
  8. Sikre korrekt GSI-rapportering.
  9. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som visar kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Line M Johansen presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten og svarte på spørsmål.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling:**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Tilpassa opplæring og spesialundervisning i Samnanger kommune ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Vurdere kva tiltak som bør setjast i verk for å sikra at også elevar med svakare og sterkare læreføresetnader enn gjennomsnittet får ei tilpassa opplæring.
2. Sikre at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd.
3. Sikre at prosessar knytt til utprøving av tiltak innanfor den ordinære undervisningssituasjonen i minst mogleg grad er personavhengige, til dømes gjennom rettleiande og kompetansehevande tiltak retta mot undervisningspersonalet.
4. Sikre at skulane i kommunen har ein innarbeidd framgangsmåte for korleis lærarane som ein del av undervegsvurderinga systematisk og løpande skal vurdere om elevane har tilfredstillande utbytte av opplæringa, samt vurderer å tydeleggjere dette kravet gjennom felles rutinar.
5. Gjennomgå og justerer rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga og i samband med gjennomføring og evaluering av spesialundervisning, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i 5.3.2).
6. Sikre at sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning er i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kapittel 5.4.2).
7. Sikre at alle elevar får gjennomført den spesialundervisninga dei har vedtak om, og at IOPar alltid byggjer på eit gyldig enkeltvedtak om spesialundervisning for eleven.
8. Sikre korrekt GSI-rapportering.
9. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som visar kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 53/19 Rapport etter interimsrevisjon 2019**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2019 frå Deloitte til orientering.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Rekneskapsrevisor Janne Pedersen orienterte om resultatet etter interimrevisjonen.

Kontrollutvalet merka seg to forhold som ein ber rådmannen om å komme i møtet og orientere om, bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder.

Det vart og orientert om forenkla etterlevelseskontroll som er nytt i den nye kommuneloven.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til møtet 11.02.2019 og orienterer om funna etter interimrevisjonen gjeldande bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder.
2. Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjonen 2019 frå Deloitte til orientering.

### **PS 54/19 Bjørkheim eigedom og sameiet Bjørkheim Terrasse - orientering frå ordførar og rådmann**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Ordførar og rådmannen orienterte om saka.

Det er rett at Samnanger kommune har eigarposisjon i sameiet. Rådmann er kommunen sin representant på styremøte.

Ordfører eig privat ein eigerseksjon i dette sameiget, og kan som alle andre i sameiget delta på generalforsamlinga/eigarmøte.

Kontrollutvalet diskuterte saka og kom fram til at informasjonen blir tatt med i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

## **PS 55/19 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 - forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av verksemda i Samnanger kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019**

#### **Handsaming i møtet:**

Deloitte ved Line M. Johansen orienterte om prosessen i dette planarbeidet og forslag til prosjektplan.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av verksemda i Samnanger kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

## **PS 56/19 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av eigarskapen i Samnanger kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019

### Handsaming i møtet:

Deloitte ved Line M. Johansen orienterte om prosessen i dette planarbeidet og forslag til prosjektplan.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger av eigarskapen i Samnanger kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsetjing at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

## PS 57/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	
Formannskapet	
Naturutvalet	
Andre ???	

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019

### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet vart einig om slik særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar.

Vedtaket var samrøystes.

### Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Arild Røen
Formannskapet	Terje Hoseth Næss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth
Arbeidsmiljøutvalet	Anne Gerd Tandstad
Administrasjonsutvalet	Silvana Amaral Da Silva

## PS 58/19 Referatsaker

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019

#### Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakane. Det vart bestemt at ein skulle fortsette med «utvalet sitt kvarter» også i denne valperioden.

Vedtaket var samrøystes.

#### Vedtak:

Referatsakene vart teken til orientering.

## PS 59/19 Eventuelt

### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 11.12.2019

#### Handsaming i møtet:

Rådmannen si orientering om tilsynsrapporten frå Arkiverket.

Rådmannen orienterte om tilsynet frå Arkiverket og status for dei pålegga kommunen fekk etter tilsynet.

Rådmannen orienterte om status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov

Rådmannen orienterte om status på dette arbeidet

#### Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa om tilsynsrapporten og status på det arbeidet som vart pålagt til orientering.
2. Kontrollutvalet tar orientering om arbeid med tilpassing til ny personvernlov til orientering og ber om ny orientering til møtet 11.02.2020.

## **Politiske saker**

**PS 1/20 Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen**



Samnanger kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

**Saknr:** 2018/7-10  
**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	1/20	06.03.2020

**Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen**

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i mai 2020 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

**Samandrag**

Kontrollutvalet har handsama denne saka ved fleire høve i 2018 og 2019. Fleire ting er på plass men det står att noko arbeid før kontrollutvalet kan lukke saka. Det må vurderast ut i frå den informasjonen som kjem fram i dette møte om kontrollutvalet skal lukke saka og seia seg nøgd med dette. Eventuelt kan kontrollutvalet be om ei ny orientering. Forslag til vedtak i saka er å be om ei ny orientering til møte i mai.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg**

1 Status for arbeid med GDPR- notat frå rådmannen - 03.12.2019



## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrollutvalet sitt møte 12.02.18 vart sak vedr. «Ny personvernlov frå 2018 - konsekvensar for kommunane» handsama. I møteprotokoll etter møtet står følgjande:

«*Vedtak:*

1. *Kontrollutvalet ber rådmannen til neste møte å svara skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram av drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret vert å senda til sekretariatet innan 23.04.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet rådmannen om å koma i møte 14.05.2018 for å orientera munnleg om saka.»*

Dei 7 spørsmålsstillingane som var reist i saka, og som det er bede om at rådmann svarar skriftleg på er:

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?
7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har hatt denne saka til handsaming ved fleire høve i 2019. Frå møte i desember vart dette protokollert under eventuelt:

«*Kontrollutvalet tek orientering om arbeid med tilpassing til ny personvernlov til orientering og ber om ny orientering til møte 11.02.2020.»*

Sekretariatet har avklart med rådmannen at ho kjem til dette møte og orienterer om pågåande arbeid med personvernforordninga og GDPR. Vedlagt saka ligg det som vart orientert om i saka i desembermøte - frå rådmannen, notat av 03.12.2019.

Konklusjon

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering og ber om ei ny orientering til maimøtet.



---

## Notat

---

**Til:**

Charlotte Hageberg

Jan Erik Boge

**Frå:**

Pål Strand

### Status implementering av gdpr

**Saknr/Journalnr**

19/1101/19/9978//PS

**Arkivkode**

**Dato:**

03.12.2019

---

Ny personopplysningslov trådte i kraft 20. juli 2018. Loven gjennomfører EU si personvernforordning, *General Data Protection Regulativ - GDPR*, i Noreg. Forordninga inneheld eit omfattande og generelt regelverk, derunder dei grunnleggande prinsippa og vilkåra for å handsame personopplysningar, rettigheter for enkeltpersonar, pliktar for handsamingsansvarlege og databehandlarar, reglar for overføring av personopplysningar over landegrensane og reglar om tilsyn og sanksjonar. GDPR synast å vere omfattande, komplekst og med til dels svært skjønsmessige reglar. For kommunane vil det ta tid å bryte ned og operasjonalisere ein del av krava. På ein del punkt må vi rekne med at det tar noko tid før det kjem avklaringar på korleis regelverket skal tolkast.

Ei vanleg tilnærming til implementering av gdpr er å sortere det som skal gjerast i etableringsaktivitetar og drift. Som etableringsaktivitetar kan vi rekne høve som personvernombod, protokoll, personvernerklæring, datahandsamaravtalar, opplæring og bevisstgjerung, risikovurderingar og internkontroll. Etter at desse instrumenta og aktivitetane er på plass, og vi har vore i gjennom ein fyrste runde med opplæring, går vi over i ei driftsfase. Tilnærminga skiftar da fokus over på vedlikehald og oppfølging av kompetanse, internkontroll og sikkerhet. Vi vil og ta fatt på litt tyngre problemstillingar, slik som til dømes innebygd personvern. I tillegg vil vi arbeide med å nansera og vidareutvikle risikovurderingar, internkontroll og kompetanse.

Fyrste del av arbeidet, etableringsaktivitetane, kan bære preg av formalitetar. Deler av dette arbeidet dannar grunnlaget for noko som skal skje seinare, og vil kanskje ikkje i seg sjølv føre til ei reell heving av personopplysningssikkerheta. Til dømes det å opprette eit personvernombod, kan sjåast på som ein avkryssingsøving. Vi har eit personvernombod og kan krysse av for at det er gjort. Vi oppfyller kravet til å ha eit personvernombod, i alle fall den formelle delen av kravet. Ein reell innverknad på sikkerhetsnivået vil vi ikkje sjå før ombodsrolla fyllast med innhald og personvernombodet får konkrete førespurnadar frå innbyggjarane og/eller kjem i gang med arbeidet med implementering og oppfølging av krava.

Eit viktig aspekt ved det nye regelverket er ansvarleggjerung. Formalitetar, det å vise til at ein har gjort alt som skulle gjerast, er ikkje nødvendigvis tilstrekkeleg. Risikovurderingar og tiltak må vere av ei slik innretning og kvalitet at ein unngår vesentlege brot eller avvik. Ved brot, der straff er aktuelt, vil både formalitetar og substans inngå i ei vurdering av skyld. Her skil regelverket seg i vesentleg

grad frå slik for eksempel sikkerhetslova var bygd opp og blei praktisert på byrjinga av 2000-tallet. Dette stiller nye og høgare krav til sikkerhetsarbeidet i kommunane.

I arbeidet med implementering av gdpr må vi derfor ha fleire tankar i hovudet samtidig. Vi må ha fokus på formalitetar - å få på plass ein fyrste versjon av eit knippe grunnleggande instrument, samtidig som vi held fast på at det ikkje berre er om å gjere å få på plass eit dokument. Vi må tillate oss å bruke litt tid på prosessane og involvere einingane i arbeidet, og gjere det på ein slik måte at det har verdi for oss i det vidare arbeidet. Vi har fokus ikkje fyrst og fremst på at vi kan bli utsette for eit tilsyn, men på at vi vil unngå brot på personopplysningssikkerheten. Vi vil unngå ein Vigilo-sak, eller liknande, i kommunen.

Litt meir konkret: Vi har fått på plass eit personvernombod og det er inngått datahandsamaravtale med IKT-Nordhordland, med fleire. Det ligg informasjon om personvern og personvernombod heimesida til kommunen. Denne hausten har vi jobba med protokoll og personvernerklæring og målet er å komma i mål med det i løpet av desember. Gjennom vinteren og våren vil vi arbeide med opplæring og oppdatering av internkontrollen. Målet må vere å fullføre etableringsaktivitetane før sumarferien.

#### Status etableringsaktivitetar:

Personvernombod	Kjøper teneste av IKT-Nordhordland.
Informasjon	Informasjon er lagt ut på kommunen si heimeside.
Kompetanse	Ansatt jurist.
Protokoll	Her er vi godt i gang. Bør vere klart i løpet av desember.
Personvernerklæring	Et første utkast til kommunen si erklæring er klar. Avventar slutføring til vi er kome lenger i arbeidet med protokoll.
Databehandlaravtale	Avtale med IKT-Nordhordland er på plass. Vurderingar av behov for fleire avtalar må gjerast etter at protokollen er på plass.
Opplæring	Planlegges til februar, mars 2020.
Risikovurderingar	Ei enkel første vurdering gjerast i protokollen. Meir nyanserte vurderingar må gjerast når protokollen er klar.
Internkontroll	Internkontrollen må oppdaterast.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saknr: 2014/240-29  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	2/20	06.03.2020

Rapport etter interimrevisjon 2019 - bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

### Samandrag

Ved handsaming av sak om interimrevisjon i møte 11.12.2019 kom det fram ein del opplysningar frå revisjonen som kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå rådmannen om. Det gjeld bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder. Ut i frå det som kjem fram av informasjon om saka må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein skal gjera vidare med saka. Saksframlegget er lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS-sak 53/19 frå møte i kontrollutvalet 11.12.2019 vart dette mellom anna protokollert:

*«Kontrollutvalet merka seg to forhold som ein ber rådmannen om å komme i møtet og orientere om, bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder.*

### **Vedtak:**

- 1. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem til møtet 11.02.2019 og orienterer om funna etter interimisrevisjonen gjeldande bruk av alenefullmakt og fordringer eldre enn 6 måneder.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet

Konklusjon

Kontrollutvalet må ut i frå den informasjonen som vert lagt fram i møte, diskutera seg fram til kva ein skal gjera vidare med saka.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saknr: 2017/107-17  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	3/20	06.03.2020

### Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vil takke for det arbeidet som er gjort og vel med dette å lukke saka.

### Samandrag

Forvaltningsrevisjonsrapporten vart handsama av kommunestyret 13.09.2018, der innstillinga frå kontrollutvalet i sin heilheit vart vedteke. Kontrollutvalet har hatt handlingsplanen til handsaming ved fleire høve i 2019. Det står att eit punkt i denne handlingsplanen.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak** i sak PS 033/2018 i møte den 13.09.2018;

«Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen
2. Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og eigne rutinar
3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen
4. Oppdatere rutinar og retningsliner for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk
5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jf. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette;
  - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket
  - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa
  - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
  - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
  - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet hadde saka til handsaming i septembermøte 2019, der dette vart protokollert i PS sak 29/19:

«Rådmannen orienterte utvalet, om punkt 5 som står att.

Kjøper teknisk løsnning frå Acos.

Rutinane er på plass, men er ikkje tilgjengeleg for alle. Håper at dette er på plass innan utgangen av året.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjonen innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding, innan 20.11.2019. «

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetansen i denne saka, jf. kommuneloven § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommuneloven § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

3

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Konklusjon

På bakgrunn av den informasjonen som venteleg kjem fram frå rådmannen i møtet, relatert til punkt 5, vert det vurdert å lukke saka.





Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saknr: 2019/96-2  
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	4/20	06.03.2020

### Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte 1

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

### Samandrag

Føremålet med saka er å gjere greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurderinga (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 55/19, 11.12.2019:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar av verksemda i Samnanger kommune og verksemda i kommunen sine selskap, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringar som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetjing at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsetjing at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyre, som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommuneloven § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møte har Deloitte planlagt å gjennomføra «Prosessmøte 1». I prosjektplanen som blei vedteke i forrige møte blir «Prosessmøte 1» omtala slik:

«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

